




SALSVILKÅR FOR KOMMUNALE TOMTER

Vedteke i Sandøy kommunestyre. dato 24.06.03 sak.nr.23/03 gjeldande frå 24.06.2003

1. a) Tomtene blir tildelt av rådmannen. Den som blir tildelt tomt må innan 1 måned seie frå om han tek den tomta han har fått tildelt.
b) Skjøtet blir utlevert ved betalt tomt. Er ikkje tomta betalt innan 30 dagar etter at kravet er motteke, kan kommunen tildele tomta til andre.
2. a) Den som har fått tildelt tomt må innan 3 år, frå det tidspunkt han etter pkt. 1 skal løyse inn skøyte på tomta, bygge på den i samsvar med tomtetildelingsplanen.
b) Er det ikkje bygd på tomta innan 3 år, pliktar eigar dersom kommunen krev det, å skjøte tomta tilbake til kommunen til same pris og utan kostnad for kommunen.
c) Vidaresal av ubebygd tomt skal godkjennast av kommunen. Dette skal stå som hefte i skjøtet.
3. a) For kjøpar si plikt til å refundere kommunen sine utgifter til tekniske anlegg m.v. gjeld kommunen sine retningsliner for dette.
b) Om oppføring av bygning og bruk av eigedomen gjeld plan- og bygningslova.
c) Kommunen har rett til utan vederlag å legge evt. veg-skråningar inn på tomtene. Som veg reknast også gangveg, snuplass og ballplass.
4. a) Dersom kommunen ønskjer å legge vatn og kloakk eller lys-leidningar til andre tomter, har ein rett til å grave ned slike leidningar over eigedomen eller føre den over grunnen utan vederlag. Kommunen skal ha uhindra og vederlagsfri tilgang til når som helst å utføre ettersyn, reparasjon, vedlikehald og omlegging av slike leidningar. Etter at slikt arbeid er utført pliktar kommunen å bringe eigedomen i den stand den var før gravearbeidet vart sett i gang – ved opprydding, reparasjon av gjerde og tilstelling av plenar, planter m.v.



Sandøy kommune
6487 Harøy